SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/21	Formannskapet	PS	05.05.2021
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar		ArkivsakID
Bente Skjerping		21/1144

Årsrekneskap og årsmelding 2020

Vedlegg:
Versjon 21 Årsmelding Osterøy kommune 2020
21 Årsrekneskap_Osterøy kommune 2020
Revisjonsmelding_Osterøy_2020
Rapport årsrekneskapen Osterøy_2020
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekka inn av disposisjonsfondet.»

Formannskapet - 031/21

FS - behandling:
Økonomisjefen møtte og presenterte årsrekneskapet og svara på på spørsmål knytt til dette.

Kontrollutvalet sin uttale til Årsrekneskap 2020, sak 016/21, vart delt ut i møtet. Det vart halde pause i møtet frå kl. 13.55 - kl. 14.05 slik at formannskapet kunne lesa gjennom uttalen.

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:
«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.
Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekka inn av disposisjonsfondet.»

Saksopplysningar:
Saksopplysningar:

Bakgrunn
Årsmeldinga skal handsamast i heradsstyret samstundes med årsrekneskapen, jfr §10, 4. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Heradsstyret skal gjere vedtak om kommunerekneskapen innan 6 månader etter slutten av rekneskapsåret, jf § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, med heimel i Kommunelova § 14, 2. ledd. Formannskapet skal gje innstilling til vedtak i heradsstyret, etter at Kontrollutvalet har gitt sin uttale. Kontrollutvalet har møte 04.05.21.

Revisor skal gje revisjonsmelding til heradsstyret, jfr § 10, 3. ledd i forskrifta.

Kontrollutvalet skal gje fråsegn til heradsstyret om årsrekneskapen, jfr § 10, 3. ledd i forskrifta. Dei skal ha møte 04. mai 2021. Fråsegn frå Kontrollutvalet vert delt ut på møtet.

Heradsstyret vedtar disponeringa av eventuelt rekneskapsmessig mindreforbruk eller inndekning av eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen

Eventuelt udsiponert beløp i investeringsrekneskapen skal førast til inntekt i inveringsbudsjettet i det året rekneskapen vert lagt fram. Eventuelt udekka beløp skal dekkast inn i investeringsbudsjettet i det året rekneskapen vert lagt fram jfr 9 i forskrifta.

Vurdering
Det vert vist til dokumenta for årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Rekneskapen vart avslutta med eit netto driftsresultat på minus kr 7 390 023,-
og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 12 083 153,-.

Heradsstyret skal gjere vedtak om disponering av det rekneskapsmessige meirforbruket etter innstilling frå formannskapet.

Konklusjon
Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og innstilling til heradsstyret.